

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 12. juni 2018

Skype
Kl. 14.00-14.45

Til stades: Lisbeth Morlandstø (leiar), Balder Holm og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Lin Prøitz, Marika Lüders og Tine Eide.

1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Referat frå styremøte 8. mai 2018

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Tre nye medemer sidan sist møte.
- RAM har godkjent omdisponering av midlar til Norsk medietidsskrift.
- Heimesida er oppdatert. Lenker til Medie-Norge og Nordicom bør inn (Nordicom står oppført på portalsida, men det manglar lenkje). Balder tek kontakt med Marianne Monstad om dette.
- God respons på abstract til medieforskarkonferansen etter purring. Enkelte av gruppene vil bli større enn sist. Journalistikkgruppa vert truleg delt i to.
- Ikkje så mange påmelde til konferansen enno (påmeldingsfrist 1. juli). Påminning vart sendt ut i nyhetsbrevet førre veke.

4. Medlemstal og -tull

Medlemslistene til Aschehoug (Universitetsforlaget) er no sjekka mot vår eiga epostliste (jf sak på sist møte). I tillegg til at det står langt fleire på epostlista enn i den offisielle medlemslista (292 mot 94), viser det seg at det òg er misforhold den andre vegen (12 står på den offisielle medlemslista, men ikkje på epostlista).

- Terje tek kontakt med Aschehoug på nytt og spør om kva som er den beste måten å prøva å få inn att dei ubetalte medlemene på – skal NML senda epost, eller er det best om Aschehoug sender (ny) purring? Aschehoug har alt sendt to purringar.
- I løpet av juni må me anten ha kontakta dei utgådde medlemene sjølve, eller ha gjort ein avtale med Aschehoug om purring.

5. Medieforskarkonferansen

- Lisbeth sender påminning om tidlegfristen i slutten av juni (fristen er 1. juli). Brukar epostlista til dette.
- Terje sender påminning om nominering til dei ulike prisane i starten av august (heider, formidling og master, frist 15. august).

6. Høyringsfråsegn – ny medieansvarslov

Usikker på om NML bør senda høyringsfråsegn. Lisbeth drøftar saka med Redaktørforeninga + eventuelt Norsk presseforbund + Guri Hjeltnes og Svein Brurås, og Balder høyrer med Martin Eide og Lars Arve Røssland. Gjev tilbakemelding til styret på epost. Høyringsfrist: 10. september 2018.

Møteplan

11. september 2018 kl. 14-15: Skype

16. oktober 2018 kl. 14-15: Skype (to dagar før konferansen)

Terje Skjerdal (ref)